



MØTEBOK

Organ	Hovudutval for næring og kultur
Møtestad	Thon Hotel Jølster, Skei
Møtedato	24.04.2018
Kl.	10:00 – 14:30

Faste medlemer til stades: **Aleksander Øren Heen, Sp, møteleiar**

Erlend Haugen Herstad, Sp

Torbjørn Vereide, Ap

Anne Lilleaasen, H

Jon Olav Kvamme, KrF

Marita Aarvik, Frp

Forfall til møtet: **Karen Marie Hjelmeseter, Sp**

Hilmar Høl, Ap

**Jakob Andre Sandal, SV (deltok under
orienteringane)**

Varamedlemer til stades: **Bjørn Sølsnes, Sp**

Arve Mjømen, H

Eldrid Skudal, SV

Til stades med møte- og talerett: **Fylkesdirektør Jan Heggheim**

Ass. fylkesdirektør Ingebjørg Erikstad

Ass. fylkesdirektør Endre Høgalmen

Sekretariat for møtet: **Helga Bjørkhaug**

Hovudutvalet valde Aleksander Øren Heen som møteleiar, jf. kommunelova § 32, nr. 4.

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Hovudutvalet valde møteleiar Aleksander Øren Heen og Anne Lilleaasen til å godkjenne møteboka på vegner av organet.

Orienteringar:

Temadel om landbruk. Ei oppdatering om status, utviklingstrekk og sentrale utfordringar innan landbruket.

- Fylkesmannen si landbruksavdeling ved landbruksdirektør Christian Rekkedal.
- Sogn og Fjordane Bondelag ved leiar Anders Felde.

Gardsbesök i ein moderne lausdriftsfjøs hjå bonde Andreas Bolset, Skei.

SAK 19/18 Skriv og meldingar - hovudutval for næring og kultur

Følgjande skriv og meldingar vart handsama:

1. Den norske bokbyen – finansiering
2. Musea i Sogn og Fjordane 2018
 - a) Sogn og Fjordane fylkeskommune - svar på søknad om investeringstilskot
 - b) Musea i Sogn og Fjordane - Kløften
 - c) Musea i Sogn og Fjordane - svar på søknad om investeringstilskot
 - d) Musea i Sogn og Fjordane - Fellesmagasin Ramstad
3. Konferansen Møteplass kultur, musikk og fritid 25. mai på Scandic Sunnfjord Hotell
4. Regional plan for kultur - innspel frå hovudutvalet - drøfting
 - a) Regional plan for kultur – presentasjon
5. Årsmelding 2017 Sogn og Fjordane Teater
6. UKM-festivalen 2018 – program og kunstkatalog

Muntleg orientering:

Nynorskens hus – planar for nytt bygg i Førde som aktuelt lokale for NRK Sogn og Fjordane, avisa Firda og Sogn og Fjordane Teater.

SAK 20/18 Oppstart - arbeid med budsjett 2019 / Økonomiplan 2019-2022 - næring og kultur

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Rekneskapsresultatet for 2017 gir ikkje grunnlag for rammejustering, og vedtekne innsparingskrav er innarbeidd i sektorramma til næring og kultur.
2. Hovudutalet vil peike på at det særleg innan kultursektoren er behov for endra kapasitet og kompetanse i samband med overføring av oppgåver frå staten. Dette behovet bør greia ut i samband med budsjettarbeidet hausten 2018.
3. Hovudutvalet vil vurdere behov for ev mindre omprioriteringar innan sektorramma i samband med framlegging av budsjettsak til hovudutvalet i september 2018.
4. Hovudutvalet ber om at det vert gjort ei enkel kartlegging av utbyggingsplaner som det vert arbeidd med ved Musea i Sogn og Fjordane og andre regionale kulturstasjonar, og kva forventningar som ev måtte ligge til fylkeskommunen om fagleg/politisk/økonomisk medverknad dei nærmaste åra. Kartlegginga vert lagt fram hausten 2018 i samband med budsjettsaka.

Endringsframlegg:

Hovudutvalet sette fram slikt framlegg til eit tilleggspunkt 5:

Hovudutvalet konstaterer at dei regionale utviklingsmidlane frå KMD har vorte reduserte frå 77 mill kr i 2017 til 54 mill kr i 2018. Hovudutvalet er uroa over denne utviklinga, og ber finansutvalet vere særleg merksam på dei utfordringane som dette kan medføre innan arbeidet med næringsutvikling framover.

Avrøyting:

Tilrådinga frå fylkesdirektøren punkt 1 til 4 vart samrøystes.
Hovudutvalet sitt framlegg til eit tilleggpunkt 5 vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Rekneskapsresultatet for 2017 gir ikkje grunnlag for rammejustering, og vedtekne innsparingskrav er innarbeidd i sektorramma til næring og kultur.
 2. Hovudutalet vil peike på at det særleg innan kultursektoren er behov for endra kapasitet og kompetanse i samband med overføring av oppgåver frå staten. Dette behovet bør greiaast ut i samband med budsjettarbeidet hausten 2018.
 3. Hovudutvalet vil vurdere behov for ev mindre omprioriteringar innan sektorramma i samband med framlegging av budsjettsak til hovudutvalet i september 2018.
 4. Hovudutvalet ber om at det vert gjort ei enkel kartlegging av utbyggingsplaner som det vert arbeidd med ved Musea i Sogn og Fjordane og andre regionale kulturinstitusjonar, og kva forventningar som ev måtte ligge til fylkeskommunen om fagleg/politisk/økonomisk medverknad dei nærmaste åra. Kartlegginga vert lagt fram hausten 2018 i samband med budsjettsaka.
 5. Hovudutvalet konstaterer at dei regionale utviklingsmidlane frå KMD har vorte reduserte frå 77 mill kr i 2017 til 54 mill kr i 2018. Hovudutvalet er uroa over denne utviklinga, og ber finansutvalet vere særleg merksam på dei utfordringane som dette kan medføre innan arbeidet med næringsutvikling framover.
-

SAK 21/18 Statsbudsjettet 2018 kap. 1429 post 79 - Tildeling av tilskot til kulturminne på verdsarvlista

VEDTAK:

1. Dei løyvde midlane frå statsbudsjettet 2018 kap. 1429 post 79 Verdsarv vert fordelt til følgjande:

a. Hansaløa i Undredal	kr. 1 045 000
b. Bakkemur og rydningsrøys på Bakka	kr. 215 000
c. Sagagarden på Bakka	kr. 110 000
d. Låven på Gudvangen gard	kr. 60 000
e. Parkforvaltar kulturminne, Nærøyfjorden verdsarvpark	kr. 250 000
f. Restaureringsleiar	kr. 100 000
Sum fordelte midlar	kr. 1 780 000
 2. Dei tilbaketrekte midlane frå 2016, kr. 100 000 vert omfordelt til Fossestova.
 3. Dei resterande midlane vil bli fordelt i samband med at dei to siste søknadane om tilskot vert handsama.
 4. Fylkesdirektøren set nærmare vilkår for bruken av tilskota.
-

SAK 22/18 Statsbudsjettet- kap. 1429 post 71 - Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap

VEDTAK:

1. Kr. 70 000 av ubrukte tilskot fra 2014 som var løyvd til våningshus (askeladden id: 127646-7) på Osmundnes vert omfordelt til å dekke antikvariske meirkostnadene ved istandsetting av våningshus (askeladden id: 127646-10).
 2. Kr. 68 000 av det ubrukete tilskotet løyvd til våningshus og naust på Osmundnes i 2014 vert trekt tilbake og vil bli fordelt til andre prosjekt i fylket.
 3. Det vert gjeve kr. 50 000 i ekstra løying til brannkjellaren på Kaupanger hovudgård. Tilskotet vert henta fra rentemidlar fra 2017.
-

SAK 23/18 Regionale utviklingsmidlar 2018 - fordeling 2

VEDTAK:

1. Stiftinga Jostedalsbreen Nasjonalparksenter får kr 310 000 til prosjektet Jostedalsbreen Nasjonalparksenter.
 2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å disponere 1 mill. kr som er avsett til prosjekt Opplevingsnæringer.
 3. Aksello AS får kr 350 000 til prosjektet Støtte til FoU-fasilitering, havbruk m.m.
 4. Tilskota vert finansiert slik:
 - a. Tilskotet til Stiftinga Jostedalsbreen Nasjonalparksenter vert dekka med KMD-midlar fra tidlegare år/utviklingsfond næring.
 - b. Tilskotet til Aksello AS vert dekka med disponible midlar på næring og kultur sitt budsjett for 2018, tenesteområde 7015 Nyskaping.
 5. Fylkesdirektøren set nærmere vilkår i eigne tilskotsbrev.
-